



KOPI

Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1237 - 19/29099

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.09.2019

Svar på førespurnader om gitt utsleppsløyve - gbnr 11/84 Hosøy

Vi viser til førespurnad frå Biovac Environmental Technology AS ved Mariann Zimmer, på vegne av heimelshavar den 04.09.2019, og frå heimelshavar Øyvind Hosøy den 20.09.2019, om utsleppsløyvet som er gitt for eigedomen gbnr 11/84.

Vi har gitt munnleg tilbakemelding til Mariann Zimmer om at kommunen vil fråfalla kravet om etterpolering som er sett i utsleppsløyvet. Kravet til etterpolering er sett for å hindra eventuell slamflukt frå anlegget, ikkje for hygienisering. Etter ny vurdering av saka vil vi fråfalla kravet om etterpolering på bakgrunn av anlegget si reinsegrad og dei brukarinteresser som er i området. Det reinsa avløpsvatnet må framleis gå til sjø. Kommunen vil gjera om utsleppsløyvet som er gitt.

Dersom avløpsvatnet skal gå til terreng må det dokumenterast ved prøvetaking at jordmassane er eigna. Prøvetakinga må gjennomførast av godkjend føretak. Det må dokumenterast at lausmassane har tilstrekkeleg kapasitet til å handsama og transportera avløpsvatnet. Endra utsleppsstad vil krevja at det vert søkt om endra utsleppsløyve.

Etablering av reinseanlegget er søknadspliktig etter plan- og bygningslova kap. 20, dvs. at det må søkjast om byggjeløyve. Dette kan skje ved innsending av eigen søknad om etablering av avløpsanlegget, eller ved at etablering av avløpsanlegget vert tatt inn i rammesøknaden som er gitt for etablering av tilbygg til fritidsbustaden på eigedomen. Det må då søkjast om endring av gitt rammeløyvet. Kommunen har ikkje sett krav om at tilbygg og avløpsanlegg vert handsama som eitt tiltak.

Vi gjer elles merksam på at rammeløyvet gitt i vedtak datert 15.01.2018 i arkivsak 17/2272 gjeld i 3 år, og at det må søkjast om igangsetjing av tiltaket innan denne fristen.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Biovac Environmental Technology AS
Øyvind Hosøy

Farexvegen 19 2016
Markaneset 66 5251

FROGNER
SØREIDGREND

Mottakarar:

Biovac Environmental Technology AS
Øyvind Hosøy

Farexvegen 19 2016
Markaneset 66 5251

FROGNER
SØREIDGREND